



Arkivsaknr: 2026/922-2
Sakshandsamar: Knut Trefall
Avdeling: Plan, forvaltning, utvikling

SAKSFRAMLEGG

Rullering av kommuneplanen sin arealdel for Vaksdal kommune 2026-2040 - Oppstart av planarbeid og høyring og offentlig ettersyn av planprogram

Utvalssak	Utval	Møtedato
	Formannskapet	10.09.2026

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Forslag til planprogram for rullering av kommuneplanen sin arealdel for Vaksdal kommune 2026-2040, PlanID 20260001, datert 20.08.2026, vert sendt på offentlig høyring saman med varsel om oppstart. Vedtaket er i samsvar med plan- og bygningslova §§ 11-12 og 11-13.

Kort om saka

Kommunedirektøren legg fram forslag til planprogram for rullering av kommuneplanen sin arealdel for Vaksdal kommune, for vedtak om høyring og varsel om oppstart av planarbeid.

Oppstart av planarbeidet og planprogrammet skal på offentlig høyring før endeleg fastsetting i kommunestyret, og vil danna grunnlag det vidare arbeidet med arealdelen.

Saksopplysningar

Bakgrunn

Kommuneplanen er kommunen sitt overordna og heilskaplege styringsverktøy og består av ein samfunnsdel og ein arealdel. Samfunnsdelen inneheld mål for korleis me vil at kommunen skal vera i framtida, og strategiar for korleis me skal få det til. Arealdelen følgjer opp måla gjennom plankart og føresegn for framtidig arealbruk, og er juridisk bindande.

Kommunestyret vedtok [planstrategi for Vaksdal kommune 2024-2027](#) den 17.12.2024, sak 109/24. Planstrategien fastset at ein skal rullera kommuneplanen sin arealdel.

Bakgrunn er mellom anna at kommunen har vedteke ny [samfunnsdel](#) for perioden 2023-2035. I tillegg endrar samfunnet seg raskt, og ein har fått nye utfordringar og politiske føringar sidan gjeldande arealdel vart vedteken i 2019.

Føremålet med rullering av kommuneplanen sin arealdel er å følgja opp vedteken samfunnsdel og leggja til rette for at innbyggjarane i Vaksdal kan ha gode liv – heile livet. Arealdelen skal leggja til rette for framtidsretta bustad- og næringsutvikling og annan vekst i kommunen, samstundes som natur, ressursar og samfunnstryggleik vert tekne vare på innanfor rammene av ei sosialt, økonomisk og miljømessig berekraftig utvikling.

Omega 365 er plankonsulent i arbeidet.

Planprogram

Det skal bli utarbeida eit planprogram for kommuneplanen sin arealdel, jf. plan- og bygningslova §§ 4-1 og 11-13. Eit planprogram er «oppskrifta» på korleis planprosessen skal bli gjennomført, og skildrar planen sitt føremål, behov for utgreiingar og konsekvensutgreiingar, opplegg for medverknad, samt planprosess, framdrift og milepelar.

Framdrift og medverknad

Framdrift og medverknad vert omtalt i planprogrammet sitt åttande kapittel.

Fase 1 – Planprogram, varsel om oppstart og arealinnspel

Planprogrammet skal bli sendt på offentleg høyring i minimum seks veker. Innbyggjarar, organisasjonar og offentlege instansar vert invitert til å koma med innspel til planarbeidet.

Etter høyringa vert planprogrammet revidert på bakgrunn av innkomne merknadar og lagt fram for godkjenning i kommunestyret.

Når planprogrammet er godkjent, vert det opna for innsending av forslag om endra bruk av eit bestemt område (arealinnspel). Arealinnspela vil fyrst bli vurdert gjennom ei overordna siling der innspel som er tydeleg i konflikt med overordna føringar, arealdelen sine strategiar for arealutvikling eller viktige samfunnsomsyn vert tekne ut. Innspel som vert vurdere som relevante og realistiske, går vidare til konsekvensutgreiing og nærare vurdering, sjå kapittel 6.

Fase 2 – arbeidsfase for planforslaget


Med bakgrunn i arealinnspela og føringar i planprogrammet vert det utarbeidd eit forslag til ny arealdel.

Fase 3 – planforslag på høyring

Planforslaget skal deretter bli handsama i formannskapet bli lagt ut til offentleg høyring. Etter høyringa vil merknadane bli vurdert, og planen eventuelt justert, før han vert lagd fram for endeleg godkjenning i kommunestyret, planlagt seint år 2028 – sjå figuren under.

Planprogrammet legg opp til brei medverknad gjennom prosessen, sjå kap. 8.2.

Medverknaden er tilpassa dei forskjellige fasane i planprosessen, nemnt over. Varsel om oppstart og høyring av planprogrammet er fyrste moglegheit for å koma med innspel.



Figur 1: Framdrift og milepål til planarbeidet.

Avgrensingar

Rullering av kommuneplanen sin arealdel vil i hovudsak omfatta bygder som Bergsdalen, Eidsland, Eksingedalen, Stamnes, mfl., og ubygde natur- og fjellområde.

For Dale, Stanghelle og Vaksdal vert framtidig arealbruk avklart gjennom eigne områdereguleringsplanar. Det vert i utgangspunktet ikkje lagt opp til endringar av desse, men dei vil verta innarbeidd i arealdelen.

Det er lagt til grunn at *Statleg reguleringsplanar for E16 og Vossebanen og Interkommunal plan for sjøareal i Region Nordhordland*, som er ein arealplan på kommuneplannivå som gjeld sjøareala, vedteken i 2023, vert vidareført. Det vil likevel vera aktuelt å vurdere endringar i sjø knytt til strandsona.

Overordna strategiar for arealutviklinga

Framlagt forslag til planprogram, kapittel fire, skissera hovudretninga for planarbeidet og føreslår strategiar for overordna arealutvikling. Strategiane er utarbeidd med bakgrunn i måla i samfunnsdelen og nasjonale føringar, og skal bidra til at arealdelen følgjer opp desse.

Planprogrammet føreslår følgjande strategiar for overordna arealutvikling:

1. Hovudtyngda av bustad- og næringsutvikling skal skje i og nær stasjonsbyane.
2. Bygder, grender og kommunen elles skal kunna utviklast gjennom avgrensa og stadtilpassa vekst.
3. Utbygging av fritidsbustadar skal hovudsakleg skje gjennom fortetting.
4. Arealdelen skal leggja til rette for eit meir variert bustadtilbod.
5. Næringsutvikling skal bli lokalisert ut frå tilgjenge, lokal samfunnsnytte og omsyn til miljø og arealbruk.

6. Arealutviklinga skal byggja på ei balansert avveging mellom omsyn til natur, landbruksressursar, friluftsliv, samfunnstryggleik og behovet for lokal samfunnsutvikling.
7. Strandsona, sjønære areal, naustområde og område for fritidsbusetnad skal bli forvalta og utvikla heilskapleg, med avvegingar mellom vern, bruk og lokale utviklingsbehov.

Strategiane skal vera eit grunnlag for å vurdera arealinnspelet, og i vurdering av planvask. Arealinnspelet som kjem inn bør vera i tråd med desse.

Arealinnspelet

I løpet av planprosessen vert det opna for at private eller andre aktørar kan senda inn forslag om å endra kva eit bestemt område kan bli brukt til (arealinnspelet), sjå planprogrammet kap. seks. Basert på strategiane over, er det føreslått at det særskild er ønskeleg med innspelet på følgjande tema:

- Nye næringsareal og utviding av eksisterande næringsområde.
- Utviding av eksisterande bustadområde.
- Nye LNF-spreidd område for bustadar i bygder og grender.
- Areal som er aktuelle for etablering av mindre bueiningar (rekkehus, leilegheiter og einbustadar) i bygder og grender.
- Landbrukseigedomar med ønskje om etablering av tilleggsnæring til landbruksdrifta.
- Areal til naust, båtplassar og flytebyggjer.
- Areal for mottak av massar
- Sentrums- og grendeutvikling
- Område for utvikling av fritidsbustad
- Utbyggingsområde som ikkje er bygd ut, der det ikkje lenger er vurdert som realistisk eller ønskeleg med utbygging.

Planvask

Planprogrammet kap. 5.2 lister opp *planvask* som eit sentralt tema i planarbeidet.

Ein finn ei rekkje gjeldande reguleringsplanar innanfor kommunegrensa (sjå vedlagt oversikt), og fleire av desse er utarbeidde for mange år sidan. Både kunnskapsgrunnlaget, regelverket og føringar har endra seg sidan planane vart vedtekne.

Planvask inneber ein systematisk gjennomgang av eksisterande reguleringsplanar og ubygde utbyggingsområde i kommuneplanen. Føremålet er å vurdera om areal som tidlegare er sett av til utbygging framleis bør bli vidareført, eller om ny kunnskap om mellom anna naturmangfald, klima, jordvern, kulturmiljø og samfunnstryggleik tilseier at andre løysingar. Dette kan vera å oppheva reguleringsplan eller endre føremål frå utbyggingsføremål til landbruk-, natur- og friluftsføremål (LNF).

Vurdering

Kommunedirektøren vurderer at det er behov for rullering av kommuneplanen sin arealdel. Forslag til planprogram gjev eit godt grunnlag for det vidare arbeidet. Dokumentet skildrar tydelege mål for planarbeidet og legg til rette for ein planprosess som er kunnskapsbasert, føreseieleg og open.

Vaksdal er ein kommune med fleire bygder, spreidd busetting, og store natur- og fjellområde. Rulleringa omfattar i hovudsak desse områda. Planprogrammet legg til rette for utvikling av levande bygder og grender, samstundes som omsyn til klima, natur og miljø, landbruksressursar og samfunnstryggleik vert vareteke.

Vaksdal kommune har avgrensa tilgang på næringsareal. Kommunedirektøren meiner difor det er viktig at rulleringa vurderer korleis kommunen kan leggja til rette for framtidsretta næringsareal som kan bidra til auka verdiskaping, lokal sysselsetting og næringsutvikling - særleg i lys av moglegheitene knytt til fellesprosjektet Arna- Stanghelle.

Arealbruken i tettstadane Vaksdal, Stanghelle og Dale vil verta avklart i eigne områdereguleringar. Det er naturleg at arealdelen i utgangspunktet ikkje legg opp til endringar av desse. Ei slik avgrensing vil bidra til ein meir effektiv planprosess, samstundes som kommunen kan prioritera å oppdatere plangrunnlaget for bygdene og områda som ikkje er omfatta av områdereguleringane.

I kommunal planstrategi 2024-2027 er *planvask og strategiar for å følgja opp måla i samfunnsdelen gjennom arealbruken i arealdelen* peika ut som sentrale tema i arbeidet med arealdelen. Begge desse temaa er innarbeidd i planprogrammet.

Overordna retning for arealutviklinga

Forslag til overordna strategiar for arealutvikling, sjå planprogram kap. fire, vil bidra til å gjera kommunen sin arealpolitikk tydelegare. Strategiane vil forenkla kommunen sitt arbeid og gje større føreseielegheit for innbyggjarar, grunneigarar og utbyggjarar om kva type arealinnspel det er realistisk å få gjennomslag for.

Strategi (4.1.1) handlar om at bustad- og næringsutviklinga skal skje i og nær stasjonsbyane, og står såleis opp om arbeidet som vert gjort med områdereguleringsplanane. Vidare har strategiane fokus på utvikling av bustad, fritidsbustad, næring og strandsone i kommunen sine bygder og grender, samt omsyn til natur, miljø, landbruk, strandsoneverdiar og samfunnstryggleik.

Kommunedirektøren meiner forslag til strategiar gjev ei tydeleg retning for framtidig arealbruk, legg til rette for utvikling, og varetar viktige omsyn. Strategiane er godt forankra i kommuneplanen sin samfunnsdel og vil fungera som eit viktig bindeledd mellom samfunnsdelen og arealdelen.

Planvask

Planvask vil vera eit viktig verkemiddel for å sikra eit oppdatert og føremålstenleg planverk. Dette kan gje meir føreseielege rammer for utbyggjarar og grunneigarar, samstundes som behovet for dispensasjonar kan bli redusert. Det vert lagt opp til ein systematisk gjennomgang av eksisterande arealbruk i både reguleringsplanar og i kommuneplanen sin arealdel. Eventuell endring eller oppheving av reguleringsplanar kan få konsekvensar for grunneigarar. For å sikra god informasjon vil eigarar av detaljreguleringsplanar som vert vurdert i planvasken, bli varsla direkte per brev.

Medverknad

Forslag til planprogram legg til rette for brei medverknad frå innbyggjarar, næringsliv, lag og organisasjonar og andre offentlege instansar. Medverknadsopplegget er godt tilpassa dei forskjellige fasane i planprosessen.

Høyringa vil gje eit godt grunnlag for å vidareutvikla planprogrammet før endeleg godkjenning i kommunestyret.

Kommunedirektøren si tilråding

Kommunedirektøren vurderer at forslag til planprogram dannar eit godt grunnlag for ein god prosess i det vidare arbeidet med arealdelen. Kommunedirektøren tilrår at det vert varsla oppstart av planarbeid for rullering av kommuneplanen sin arealdel og at forslag til planprogram vert lagt ut til offentleg høyring.

Vedlegg

- 1 Planprogram KPA Vaksdal, høyringsforslag, datert 20.08.2026
- 2 Reguleringsplanar